

Han

Kjem eg so høgt i *vyrdna*
At verdi kallar meg stor
So vert her ein annan *styrna*
Med rusdrykkjen her paa jord.

Ho

Javist kan du være storing
Um ingjen kallar deg stor.
Men hev du rusdrykk til foring
Er du eitt uting paa jord.

Han

Ja um eg vert vald til pave
Ov eg meg midels i sprit
Bu i ein paradis haje
Eg brukar mitt halve vit.

Ho

Javist kan du verta pave
krakka deg midt uti Rom
Bu i ein paradis haje
Utan sprit aa styggedom.

Han

Vil eg ein herremann verta
So stor eg vert rædd meg sjølv
Daa maa eg av heila – hjarta
Elska brennevin aa øl.

Ho

Vist kan du herremann være
Utan otte for deg sjølv
Leva *glupt* i *vyrd* aa æra
Utan brennevin aa øl.

Han

Skal eg naa den store krakkjen
Maa eg elska konjakk aa øl
Just daa ein tek meg i frakkjen
Daa kan eg ta da med *tøl*.

Ho

Ja raaka du store krakkjen
Kan du vel stella deg bra
Um du ikkje kryp so makkjen
Verta i rusdrykk so gla.

Han

Aa vil eg i verdi verta
Rett namgjeten av min *dug*
So maa eg utvida hjarta
For tankar aa rusdrykk hug.

Ho

Um det i verdi skull henda
At du vart namgjeten mann
So treng du kje um aa venda
Hugen til rusdrykkens kram.

Han

Vel eg som friherre *braaka*
Aa uredde ganga min veg
Eg stadugt i rusdrykk *staaka*
Daa alle vil elska meg.

Ho

Um du vil *braaka* i verdi
Kvifor vil du ganga redd
Rusdrykkjen ute paa færði
Føre til *vanvyrd*, da *hædd*

Han

Vil eg no verta ein lærar
Fortelja borni um Gud
Maa eg seia rusdrykk nærar
I grunnen viklar os ut.

Ho

Du kan no vel lærar være
Foutan brennevins sut.
Skal borna um Jesus læra
Han er kje *bakkkhus* sin gud.

Han

Aa faar eg ein *eimbaat* føra
Aa koma lukkeleg fram
Konjakk eg i meg maa *nøra*
I *snjoføk* er godt ein dram

Ho

Du kan vel ein *eimbaat* skipa
Aa *færast* utan konjakk
Rusdrykk kan *fomla* aa drepa
Du hugsar Folgefond sakk.

Han

Vel eg kring grendorna fara
Gjer eg meg *mæten* aa sur
Rusdrykk maa folk ikkje spara
Einast so skapa kultur.

Ho

Du kan millum heimar smyga
Aa skildra sol aa natur
Men aller ta paa aa lyga
At rusdrykk skapar kultur.

Han

Faar eg so prestamann stanna
Preika um hugnad aa fre
So lyt eg preika blant anna
At rusdrykk jamna da te

Ho

Jammen so sant kan du stanna
preika om hugna aa fredag
Rusdrykk med freden aa blanna
Paa sluten vert ingjen fred.

Han

Aa kjem eg i bispeseta,
Faar kraje aa kjole paa
Preik eg at brennevins væta
Maa ingjen skriva seg fraa.

Ho

Vil du soleis faari gjæta
Aa gje dei den sleipa raa
Ute øl aa konjakks væta
Ein hugnad aa fred kan faa.

Han

Aa faar eg eit land regjera
Aa væra for folk ein far
Maa rusdrykk i lande væra
Ei hyggja so folkje har.

Ho

Faar du eit land aa regjera
So faa du vel og eit hoff.
So faar du krana aa bæra
Eg tenkje du daa hev nokk.

Han

Faar eg eit amt til aa styra
Maa eg kjenna folk sin trong
aa so gjev eg ut *brochura*
So hindra forbod aa trong.

Ho

Aa skulle du amtmann verta
So faar du vel amtmands sut
Eg raar deg du utav hjarta
Er med aa faar drykkjen ut.

Han

Kjem eg paa krakkje so domar
Hev snor um hua av gull.
Eg dømme dei fri som komar
i beit, Han stakkar var full.

Ho

Aa faar du den stora vanska
Aa dømme, han stakkar var full
So faar du vel meir aa granska
Ein fylla rusdrykk aa null.

Han

Set eg paa sida med kongjen
Aa heve um hua mi gull.
Eg dømme den litle ungen
Vart kvelt daa mora var full.

Ho

Skulle vorherra da skikka
Soleis du faa hua av gull
Lat sjaa at du dømme drikka
Tilliks med den so er full.

Han

Aa hende her noko gale
Aa gjere her nokon ska
Er rusdrykkjen med i bale
Aa stakkari fylla da va.

Ho

Du sit paa dei *gylte* sale
Heve den dømande makt
Den i rusdrykk gjere gale
Vert fri, hev du haurt so *lagt*.

Han

Skal eg in høvding vera
So le eg han *leirbotel* raa
Han hev no mest utav æra
Aa gamal i garen aag.

Ho

Eg ville at styres manna
i aalvor den avgjerdsla tok
Let rusdrykk lysteleg brenna
aa *fjelga* kvar svinekrok.

Han

Du synest vel da er gale
At eg ville stella meg so.
Men kjem du paa *tobors* sale
So vert du klokar ein no.

Ho

Naar eg kjem paa *tobors* sale
Daa meina du eg vart vis.
Eg saag vel so mykje gale.
Var livskraft paa *raka dis*.

??

Daa vil eg for aalvor stevja
Stakkar den styresmann
So ikkje hev vit aa krevja
Rusdrykken ut av vort land.

??

Daa ville laste aa lyte
Minka i laagd aa i høgde.
Aa du for eitt grepa byte
So gjere oss alle nøgd.